

Ver merksam på grøftehol på Døslandssido.

07.03.2017



Vegkanten er rasa saman i ei grøft på Øvre Fet,- eit kritisk punkt særleg for gåande og dei som sykklar.

Vegbanen har delvis rasa ut i ei grøft på Øvre Fet på Døslandssido. Skaden har vore synleg i eit års tid utan at noko er gjort for å utbetra skaden. Rett nok er grøfta og holet merka, men det kan vera skummelt i mørke,- særleg for gåande og for dei som sykklar.

Plassen ligg ei ein svak sving, ein plass det også er vanleg å køyra ut for møtande trafikk. Mange turgåarar brukar vegen på Døslandssido, over Holmane og brua over Dønhaughølen. Døslandsido er fylkesveg og det er Statens Vegvesen som har ansvaret med tilsyn og vedlikehald. Uskedalen.no vil ta saka opp med MESTA.

Eit tilsvarande hol i vegkanten var lenge synleg på Haugland ved Gravene. Skaden er utbetra ved at det er støypt i ei forsterkng.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal